



Månadsbrev april 2024

Kinokvelden til valfaggruppa var svært populært hos 1.-7. klasse, og mellomtrinnet fekk prøvd seg på Feed på ski saman med mellomtrinnet på Tonstad skule og Sirdal vidaregåande skule. 1. og 2. klasse feira at førsteklasingane hadde gått 100 dagar på skulen, og heile småskuletrinnet lærte korleis dei skal ferdast trygt i trafikken. Ungdomsskulen lærte oss mykje om bærekraft på morgonsamlinga, før dei sjølv lærte noko om framtidig skulegang og arbeidsliv. Skulegudsteneste, skidag og alpindag fekk me òg tid til før påskeferien.

Etter påske deltok lærarane på Flekkefjordskonferansen med tankar om barne-hage og skule i framtida, og så er alle trinn i gang med foreldrekonferansar i veke 15. Mellomtrinnet har ansvar for morgonsamling måndag 8., og me får besøk av Arne Kristian Lindmo 10. april. Det er han som har skriva bøkene i Trollheim-serien, som 6.-8. klasse har vore konsulentar for to gonger. Det blir kjekt! Kjekt blir det òg 11. april når "Søstrene Ryeng, som har spilt argentinske tango heile sitt liv, Åsbjørg på bandoneon og Rannveig på fiolin", skal ta mellomtrinnet med på ei reise gjennom tid og stad. Det handlar om bandoneon som er eit slags trekkspel, som blei funne opp i Tyskland og blei med på reise med sjøfolk til Buenos Aires i Argentina og Montevideo i Uruguay på slutten av 1800-tallet. <https://www.denkulturelleskolesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=10739>



Meir musikk blir det 25. april. Då skal ungdomstrinnet til Tonstad på konsert med "musikken som har overlevd kriger. Almir Meskovic er født i Bosnia og Daniel Lazar er født i Serbia. De har vokst opp med folkemusikk i hjertet av Balkan, der musikk og kulturer fra hele verden møtes og brytes. De ble kjent med hverandre i Norge." <https://www.denkulturelleskolesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=10786>

Dette blir eit lite avbrekk i 8.-10. klasse si veke med årsprøvar. Det same blir 23. april når me markerer verdas bokdag med m.a. natursti og opplesing. 26. april er det SMU- og SU-møte, og så er det ny månad og ingen skule på arbeidarane sin dag.

"Vi vil takke dere på **Sinnes skule** så aller hjerteligst for strålende god innsats på vegne av NRK TV-aksjonen 2023 til inntekt for Redd Barna. Det er helt utrolig å se hva barn og unge i Agder får til når vi går sammen! Hele **17.9 millioner** samlet vi i Agder inn til Redd Barnas arbeid for barn rammet av krig og konflikt, hvorav over **1,7 millioner** kom inn via innsats fra skoler og barnehager!" 14 834 kroner av dette vart samla inn av elevane på Sinnes skule!

"Innsatsen fra skoler og barnehager i Agder i 2023 bidro til at:

- **8618 elever** i krigsrammede land fikk sekk, bøker og skrivesaker
- eller til at **34 bomberom** kunne gjøres om til klasserom for barn i Ukraina
- eller til at **8500 barn** fikk trygge områder til lek og utvikling i flyktningleirer eller andre steder preget av konflikt

Dette viser hvor viktig innsatsen deres er, og hvor stor innvirkning innsatsen deres har på livene til alle disse barna som fremover vil kunne motta hjelp via Redd Barna takket være dere! ♥

Med vennlig hilsen **Helene Knutsen Fosso**, Fylkesaksjonsleder Agder, NRK TV-aksjonen"

Sinnes 04.04.24
Åse-Berit (rektor)

